



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Volda samfunnshus  
**Dato:** 27.09.2018  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn møtte kl. 15.20.	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume møtte kl. 15.00.	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Edvin Dale	Medlem	FRP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------



## VOLDA KOMMUNE

---

Lars Peder Barstad	Odd A. Folkestad PS 107/18	FRP
Jan Henning Egset	Margrethe Trovåg PS 107/18	AP
Kjell Petter Wiik, gjekk 15.00	Anders Egil Straume	KRF
Einar Børtveit	Arild Iversen PS 107/18	KRF
Egil Berg	Edvin Dale	FRP
Hans Peter Eidseflot	Rebecca Riise Bjerknes	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Sakshandsamar OS 37/18
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef PS 111/18, PS 112/18 og PS 113/18

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 105/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 106/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 37/18	<b>Orienteringssak: Arbeidsutkast kommuneplanen sin arealdel</b>
PS 108/18	<b>Prosjektplan og fullfinansiering av Øvre Rotset Næringsområde, Vestre del, med infrastruktur og Veg.</b>
PS 109/18	<b>Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35</b>
PS 110/18	<b>Stiftelsen Varmtvassbassenget - Omgjering av bankgaranti til tilskot</b>
PS 107/18	<b>Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta – Samferdselspakke</b>
PS 111/18	<b>Økonomirapport 2. tertial 2018</b>
PS 112/18	<b>Finansrapportering 2018 - 2. tertial</b>
PS 113/18	<b>Nytt Finansreglement Volda kommune</b>
PS 114/18	<b>Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 30.06.2018</b>
PS 115/18	<b>Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle</b>



## VOLDA KOMMUNE

PS 116/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 38/18	<b>Søre Sunnmøre IKT - vedtekter og styrerepresentasjon</b>
OS 39/18	<b>Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker</b>
PS 117/18	<b>Delegerte saker frå avdelingane</b>
DS 142/18	<b>Ferdigattest, bustad Gbr 2/118</b>
DS 143/18	<b>Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 5/30</b>
DS 144/18	<b>Ferdigattest næringsbygg i Furene, Gbr 11/72</b>
DS 145/18	<b>Løyve til endring Gbr 12/43</b>
DS 146/18	<b>Mellombels bruksløyve Hamnegata 21b, seksjon 6 - Gbr 19/275</b>
DS 147/18	<b>Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/40</b>
DS 148/18	<b>Løyve til endring Gbr 19/933</b>
DS 149/18	<b>Løyve til tiltak, terrasse Gbr 20/94</b>
DS 150/18	<b>Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 18/285</b>
DS 151/18	<b>Igangsettingsløyve Gbr 18/50</b>
DS 152/18	<b>Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 13/88</b>
DS 153/18	<b>Løyve til tiltak, riving av eksisterande bygningar Gbr 18/7</b>
DS 154/18	<b>Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/12</b>
DS 155/18	<b>Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 30/319</b>
DS 156/18	<b>Løyve til tiltak, bustad Gbr 27/90</b>
DS 157/18	<b>Ferdigattest, tilbygg til hytte Gbr 135/2</b>
DS 158/18	<b>Ferdigattest - Gbr 107/8 - Hagestove</b>
DS 159/18	<b>Løyve til tiltak, driftsbygning/grindløde Gbr 141/3</b>

### **PS 105/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

Innleiingsvis i møtet hadde Volda kulturskule, ved elev Sivert Bratten Stennes, eit kulturinnslag på trekkspel.

Det var 26 møtande ved møtestart.

#### **Innkalling**

Dokument lagt ut på lesebretta 20.09.2018:

- Saksframlegg PS 115/18, Søknad om fritak frå forliksrådet – Gudrun Solstad Thokle.
- Vedlegg til OS 38/18, Søre Sunnmøre IKT – vedtekter og styrerepresentasjon.



## VOLDA KOMMUNE

Dokument lagt ut på lesebretta 26.09.2018:

- Vedlegg til PS 107/18. Fråsegn frå Ørsta næringskontor, Herøy Næringsforum, Maritim Forening for søre Sunnmøre og Stryn Næringsssamskipnad.
- Vedlegg til PS 107/18. Fråsegn frå Volda Næringsforum.

Dokument lagt ut på lesebretta 27.09.2018:

- Vedlegg til PS 107/18. Fråsegn frå Volda Næringsforum og Hornindal Næringslag.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Sakliste**

Ordføreren informerte om at sak PS 107/18 vert handsama kl. 16.30.

Det var ingen merknader til saklista.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **PS 106/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, den 28.08.2018, vart samrøystes godkjent.

### **OS 37/18 Orienteringssak: Arbeidsutkast kommuneplanen sin arealdel**

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Heidi Istad orienterte om kommuneplanen sin arealdel.

Anders Egil Straume møtte kl. 15.00, vara Kjell Petter Wiik gjekk.

Sindre Rotevatn møtte kl. 15.20, det var 27 røysteføre i framhald av møtet.

Det vart opna for spørsmål og merknader frå kommunestyret.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 108/18 Prosjektplan og fullfinansiering av Øvre Rotset Næringsområde, Vestre del, med infrastruktur og Veg.**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret vedtek utbygging av Rotset næringsområde som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Formannskapet sitt vedtak i sak 128/18 den 21.08.18 vert derfor gjort om inkje.*
- 2. Kostnaden er rekna til kr 35,3 mill kr til full utbygging av Øvre Rotset Næringsområde vest for E39.*

<i>Samla Investeringsramme inkl. mva.</i>	<i>35,3 mill kr</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>6,7 mill Kr</i>
<i>Løyvingar 2018</i>	<i>10,3 mill Kr</i>
<i>Behov Ny Løyving</i>	<i>18,3 mill kr</i>

- 3. Ny løyving på 18,2 mill Kr vert å finansiere ved bruk av ubundne investeringsfond. Seinare sal av næringsstomter på området skal tilbakeførast til investeringsfondet.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

- 1. Kommunestyret vedtek utbygging av Rotset næringsområde som utlyst, og opparbeide området vest for E39 i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med veg, asfalt, veglys og infrastruktur. Formannskapet sitt vedtak i sak 128/18 den 21.08.18 vert derfor gjort om inkje.*
- 2. Kostnaden er rekna til kr 35,3 mill kr til full utbygging av Øvre Rotset Næringsområde vest for E39.*

<i>Samla Investeringsramme inkl. mva.</i>	<i>35,3 mill kr</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>6,7 mill Kr</i>
<i>Løyvingar 2018</i>	<i>10,3 mill Kr</i>
<i>Behov Ny Løyving</i>	<i>18,3 mill kr</i>



## VOLDA KOMMUNE

- 3. Ny løyving på 18,2 mill Kr vert å finansiere ved bruk av ubundne investeringsfond. Seinare sal av næringsstomter på området skal tilbakeførast til investeringsfondet.*

### PS 109/18 Utgreiing av forslag til nattbemanning ved Myravegen 35

#### Tilråding i formannskapet - 04.09.2018 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*

#### Handsaming:

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:

- 1. Kommunestyret tek til orientering dei faglege vurderingane som tidlegare er gjort i høve forsvarleg bemanning med to på dag og to på kveld. I oppstartingsfasen tek Tenesteutvalet for helse og omsorg til orientering at det vert flytta stadleg nattevakt frå Sevrinhaugen 7 til Myravegen 35 i tre månader for grundig å kunne kartlegge hjelpebehovet til bebruarane ved Myravegen 35.*
- 2. Kommunestyret vedtek å dekkje kostnadene med ei ekstra nattevakt i same 3 måneders periode ved Myravegen 35 til ein kostnad på kr 400 000. Helse- og omsorgssektoren si budsjettramma vert tilsvarande styrka med dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
- 3. Kommunestyret finn å kunne bruke av disposisjonsfondet for dekning av eit tidsavgrensa tiltak, og viser elles til strategien i økonomiplanen om å gjennomføre tiltak for å redusere bruken av ubunde disposisjonsfond for å balansere budsjetta.*



## **PS 110/18 Stiftelsen Varmtvassbassenget - Omgjering av bankgaranti til tilskot**

### **Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner at Stiftelsen Varmtvassbassenget får eit tilskot på kr. 180 000 til investering i nytt UV-anlegg. Tilskotet vert finansiert av ubundne disposisjonsfond.*

### **Handsaming:**

Margrete Bjerkvik (Krf) reiste spørsmål om habilitet, ho er varamedlem i styret for Varmtvassbassenget og har delteke i tidlegare handsaming av saka, jf. kl. § 40, fvl. § 6, 1.1, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Odd A. Folkestad (Frp) reiste spørsmål om habilitet, han er medlem i styret for Varmtvassbassenget, jf. kl. § 40, fvl. § 6, 1.1, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### Røysting habilitet

Margrete Bjerkvik vart samrøystes kjent inhabil.

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

### **Røysting (25 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

*Volda kommunestyre godkjenner at Stiftelsen Varmtvassbassenget får eit tilskot på kr. 180 000 til investering i nytt UV-anlegg. Tilskotet vert finansiert av ubundne disposisjonsfond.*

Margrete Bjerkvik og Odd A. Folkestad tok sete.

## **PS 107/18 Felles samferdselsprosjekt Volda Ørsta - Samferdselspakke**

### **Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

- 1. Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnellen som er sett i NTP.*



## VOLDA KOMMUNE

*Volda kommune er framleis positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.*

2. *Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyring i Furene bomsnitt 3. A4 alternativet krev godkjenning frå Ørsta kommune.  
Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;  
Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer), Furene – rundkøyring, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda, Sentrumstiltak Ørsta, Ørstaffjordkryssing, Voldafjordkryssing og Torvmyrvegen.*
3. *Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A3 og med bomsnitt på gamle E39 ved dagens rundkøyring i Furene bomsnitt 3.  
Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;  
Furene – rundkøyring, Flyplasskrysset, Kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda og Torvmyrvegne.*
4. *Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunellen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

### **Handsaming:**

Ettersendte dokument 26.09.2018:

- Fråsegn frå Ørsta næringskontor, Herøy Næringsforum, Maritim Forening for søre Sunnmøre og Stryn Næringsssamskipnad.
- Fråsegn frå Volda Næringsforum.

Ettersendte dokument 27.09.2018:

- Fråsegn frå Volda Næringsforum og Hornindal Næringslag.

Odd A. Folkestad (Frp) reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leirar i Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og § 6, 1.1, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Arild Iversen (Krf) reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og § 6, 1.1, e, nr. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Margrethe Trovåg (Ap) reiste spørsmål om habilitet, ho er styremedlem i Voldsfjordkryssing AS, jf. kl. § 40 og § 6, 1.1, e, nr. 1. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Varamedlemene Jan Henning Egset (Ap), Einar Børtveit (Krf) og Lars Barstad (Frp) tok sete.





## VOLDA KOMMUNE

### Røysting habilitet (27 røysteføre):

Odd A. Folkestad vart kjent inhabil med 19 røyster, 8 røysta imot.

Arild Iversen vart kjent inhabil med 19 røyster, 8 røysta imot.

Margrethe Trovåg vart kjent inhabil med 19 røyster, 8 røysta imot.

Erlend Krumsvik (Volda Krf) kom med slikt framlegg:

*1. Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP. Volda kommune er positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.*

*2. Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4b og med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Det er kommunestyret sitt ønske å gjennomføre prosjektet i samarbeid med Ørsta kommune. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*\* Torvmyrvegen*

*\* Fullt ut finansiering av forprosjekt for Ørstaffjordkryssing (avgrensa til 10 mill).*

*\* Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer)*

*\* Furene - rundkøyring*

*\* Evt. andre tiltak som; kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Volda, Sentrumstiltak Ørsta, og Voldafjordkryssing.*

*3. Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av bompengefinansiering i samsvar med alternativ A4b, med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Dette alternativet utan samarbeid med Ørsta kommune. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*\* Torvmyrvegen*

*\* Raskast mogleg nedbetalingstid.*

*4. Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

*5. Kommunestyret ber om at det vert starta drøftingar med statens vegvesen/samferdselsdepartementet med sikte på nødvendig utbetring av dagens E39 gjennom Volda sentrum og særleg kryssing av Øyraelva. Volda kommune oppmodar om at tiltaket primært vert finansiert med løyving frå programområdemidlar/riksveggar.*

Roald Espset (Frp) kom med slikt framlegg på vegne av Volda Frp og Volda H:

### *Lokal medfinansiering av E39 Voldatunnelen*

*1. Volda kommune aksepterer lokalt medfinansieringsansvar av Voldatunnelen slik det går fram av NTP (inntil 1/3-part av investeringskostnaden).*



## VOLDA KOMMUNE

2. *Volda kommune forutset at Staten dekkjer minst 2/3-partar av den kostnadsauken som har blitt estimert etter NTP-vedtaket.*
3. *Volda kommune vil ikkje ha førehandsinnkreving av bompengar.*
4. *Berre dei som køyrer gjennom Voldatunnelen skal betale bompengar. Bompengestasjonar skal såleis ligge inne i/ved tunnelen.*
5. *Det skal vere diffrensierte bompengesatser (ÅDT-PBE).*
6. *Med dei trafikkprognoser som Statens vegvesen har lagt fram i samband med reguleringsplanen for tunnelen, vil det lokale medfinansieringsansvaret verte stetta.*

Det vart halde gruppemøte.

Erlend Krumsvik (Krf) trekte framlegget sitt og om med slikt framlegg på vegne av Krf Volda, AP, Senterpartiet, SV, MDG og Venstre:

*1. Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnelen som er sett i NTP. Volda kommune er positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.*

*2. Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4b og med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Det er kommunestyret sitt ønske å gjennomføre prosjektet i samarbeid med Ørsta kommune. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*Torvmyrvegen*

*Sentrumstiltak i Volda*

*Fullt ut finansiering av forprosjekt for Ørstaffjordkryssing (avgrensa til 10 mill). Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer) Furene – rundkøyring Evt. andre tiltak som; kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelveggar, Øyra bru, Sentrumstiltak Ørsta, og Voldaffjordkryssing.*

*3. Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av bompengefinansiering i samsvar med alternativ A4b, med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*Torvmyrvegen*

*Kollektivtransport*

*Gang- og sykkelveggar*

*Sentrumsutvikling i Volda*

*Raskast mogleg nedbetalingstid.*

*4. Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunnelen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

*5. Kommunestyret ber om at det vert starta drøftingar med statens vegvesen/samferdselsdepartementet med sikte på nødvendig utbetring av dagens E39 gjennom Volda sentrum og særleg kryssing av Øyraelva. Volda kommune oppmodar om at tiltaket primært vert finansiert med løyving frå*



## VOLDA KOMMUNE

*programområdemidler/riksvegar.*

Prøverøysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster.

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå Frp og H og fellesframlegget frå Krf, V, AP, MDG, SV og SP. Framlegget frå Frp og H fekk 6 røyster. Fellesframlegget frå Krf, AP, Senterpartiet, SV, MDG og Venstre fekk 21 røyster.

**Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå Frp og H og fellesframlegget frå Krf, V, AP, MDG, SV og SP. Framlegget frå Frp og H fekk 6 røyster og fall. Fellesframlegget frå Krf, AP, Senterpartiet, SV, MDG og Venstre fekk 21 røyster og vart vedteke.

**Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

*1. Volda kommune syner til tidlegare vedtak om samferdselspakke for Volda og Ørsta. Det vert og synt til føresetnaden om delvis bompengefinansiering av Voldatunnellen som er sett i NTP. Volda kommune er positive til prosjektet om samferdselspakke og aksepterer delvis bompengefinansiering av ein slik pakke for Volda og Ørsta.*

*2. Primært ber Volda kommunestyre om godkjenning av samferdselspakke i samsvar med alternativ A4b og med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Det er kommunestyret sitt ønske å gjennomføre prosjektet i samarbeid med Ørsta kommune. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*Torvmyrvegen*

*Sentrumstiltak i Volda*

*Fullt ut finansiering av forprosjekt for Ørstaffjordkryssing (avgrensa til 10 mill). Flyplasskrysset (finansiert 50% av midlane bom i Aasen genererer) Furene – rundkøyring Evt. andre tiltak som; kollektivtiltak i Volda og Ørsta, Gang- og sykkelvegar, Øyra bru, Sentrumstiltak Ørsta, og Voldafjordkryssing.*

*3. Subsidiert ber Volda kommunestyre om godkjenning av bompengefinansiering i samsvar med alternativ A4b, med tre bomsnitt nær rundkøyringa i Furene. Aktuelle prosjekt ved dette alternativet kan vere;*

*Torvmyrvegen*

*Kollektivtransport*

*Gang- og sykkelvegar*

*Sentrumsutvikling i Volda*

*Raskast mogleg nedbetalingstid.*



## VOLDA KOMMUNE

*4. Volda kommunestyre syner til at kostnaden med Voldatunellen har auka i høve til dei opprinnelege kostnadene i NTP. Volda kommune oppmodar difor om at staten ta sin del av den auka kostnaden.*

*5. Kommunestyret ber om at det vert starta drøftingar med statens vegvesen/samferdselsdepartementet med sikte på nødvendig utbetring av dagens E39 gjennom Volda sentrum og særleg kryssing av Øyraelva. Volda kommune oppmodar om at tiltaket primært vert finansiert med løyving frå programområdemidlar/riksvegar.*

### PS 111/18 Økonomirapport 2. tertial 2018

#### Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:

1. Tertialrapport nr 2 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.
2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

<b>BUDSJETTENDRING 2. TERTIAL 2018</b>	<b>Endring inntekt</b>	<b>Endring utgift</b>	<b>Netto endring</b>
Korrigeringar mot disposisjonsfondet		11 716	11 716
		663	663
NAV		2 500 000	2 500 000
Havbruksfondet	- 8 800 000		- 8 800 000
Utbytte Tussa	- 484 000		- 484 000
Renteinntekt	- 1 000 000		- 1 000 000
Renteutgift		580 000	580 000
Tilskot EM (4 i 2018)	- 2 243 428		- 2 243 428
Tilskot Flyktning (25 i 2018)	- 2 269 235		- 2 269 235
<b>Sum budsjettendring</b>	<b>- 14 796 663</b>	<b>14 796 663</b>	<b>-</b>

#### Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møte.

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:



# VOLDA KOMMUNE

1. Tertialrapport nr 2 2018 for Volda kommune vert teken til vitende.

2. Budsjett for 2018 vert endra med følgjande rammer:

<b>BUDSJETTENDRING 2. TERTIAL 2018</b>	<b>Endring inntekt</b>	<b>Endring utgift</b>	<b>Netto endring</b>
Korrigeringar mot disposisjonsfondet		11 716	11 716
		663	663
NAV		2 500 000	2 500 000
Havbruksfondet	- 8 800 000		- 8 800 000
Utbytte Tussa	- 484 000		- 484 000
Renteinntekt	- 1 000 000		- 1 000 000
Renteutgift		580 000	580 000
Tilskot EM (4 i 2018)	- 2 243 428		- 2 243 428
Tilskot Flyktning (25 i 2018)	- 2 269 235		- 2 269 235

## **PS 112/18 Finansrapportering 2018 - 2. tertial**

### **Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

*Finansrapport for 2. tertial 2018 vert tatt til vitande.*

### **Handsaming:**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.

### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

*Finansrapport for 2. tertial 2018 vert tatt til vitande.*

## **PS 113/18 Nytt Finansreglement Volda kommune**

### **Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

*Nytt finansreglement for Volda kommune vert vedteke slik det ligg som vedlegg til saka.*

### **Handsaming:**

Økonomisjef Kari Mette Sundgot møtte.



## VOLDA KOMMUNE

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt tillegg til paragraf 8.7, på vegne av partia SV, V og MDG:

*Volda kommune vil så langt råd prioritere å investere i fond som aktivt bidreg i det grønne skiftet utan at det svekker dagens krav til avkastning og risiko.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå SV, V og MDG vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

*Nytt finansreglement for Volda kommune vert vedteke slik det ligg som vedlegg til saka, med denne tilføyinga i § 8.7: Volda kommune vil så langt råd prioritere å investere i fond som aktivt bidreg i det grønne skiftet utan at det svekker dagens krav til avkastning og risiko.*

**PS 114/18 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 30.06.2018**

**Tilråding i formannskapet - 18.09.2018 til kommunestyret:**

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.06.2018 til vitende.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

*Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.06.2018 til vitende.*

**PS 115/18 Søknad om fritak frå forliksrådet - Gudrun Solstad Thokle**

**Tilråding frå valnemnda 27.09.2018 til kommunestyret:**

*Gudrun Solstad Thokle får ikkje fritak frå sitt verv som varamedlem i forliksrådet.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.



**Vedtak i kommunestyret - 27.09.2018:**

***Gudrun Solstad Thokle får ikkje fritak frå sitt verv som varamedlem i forliksrådet.***

**OS 38/18 Søre Sunnmøre IKT - vedtekter og styrerepresentasjon**

Protokoll frå styremøte i Søre Sunnmøre IKT 07.09.2018, vart ettersendt 20.09.2018.

Rådmannen informerte om at han, som styremedlem i Søre Sunnmøre IKT, er inhabil i saka, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.l, e. nr. 1. og han gjekk frå under handsaminga av saka.

Ordføraren og styremedlem i Søre Sunnmøre IKT, Rune Sjugard, orienterte om saka.

**OS 39/18 Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker**

**PS 117/18 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå administrasjonen.



## VOLDA KOMMUNE

DS 142/18 Ferdigattest, bustad Gbr 2/118  
DS 143/18 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 5/30  
DS 144/18 Ferdigattest næringsbygg i Furene, Gbr 11/72  
DS 145/18 Løyve til endring Gbr 12/43  
DS 146/18 Mellombels bruksløyve Hamnegata 21b, seksjon 6 - Gbr 19/275  
DS 147/18 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 15/40  
DS 148/18 Løyve til endring Gbr 19/933  
DS 149/18 Løyve til tiltak, terrasse Gbr 20/94  
DS 150/18 Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 18/285  
DS 151/18 Igangsettingsløyve Gbr 18/50  
DS 152/18 Igangsettingsløyve, tilbygg Gbr 13/88  
DS 153/18 Løyve til tiltak, riving av eksisterande bygningar Gbr 18/7  
DS 154/18 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 38/12  
DS 155/18 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 30/319  
DS 156/18 Løyve til tiltak, bustad Gbr 27/90  
DS 157/18 Ferdigattest, tilbygg til hytte Gbr 135/2  
DS 158/18 Ferdigattest - Gbr 107/8 - Hagestove  
DS 159/18 Løyve til tiltak, driftsbygning/grindløde Gbr 141/3

Møtet slutt kl. 18:45

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
28.09.2018

Sonja Håvik  
førstekonsulent